

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 14.09.2018
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Jan Håvard Frøyland

SAKA GJELD: **Status budsjettprosess**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **54/18**

STYREMØTE: **27.09.18**

Administrerende direktør si orientering notat 7

Saka gir ei skildring av Helse Fonna sine utfordringar i forhold til dei venta budsjettmålsetningane for 2019.

Vidare gir saka ei orientering om budsjettprosessen for Helse Fonna HF for 2019.

Helse Fonna rapporterte august eit resultat hittil i 2018 på 12,8 millionar kroner, som er 14,5 millionar kroner under budsjett. 2018 har vore eit år med høg prosjektaktivitet som har kravd både interne ressursar og ekstern bistand. Både for nybygg prosjektet og IKT-prosjekta er det lagt inn krav om gevinstrealisering. Ei utfordring dei siste åra er at ein større del av budsjetttrammene i fleire einingar er budsjettert til grunnbemanning og ein mindre del til variabel lønn. Resultatet vi ser av dette er naturleg nok ei auke i fast lønn, men og ei auke i variabel lønn. Totalt har Helse Fonna då brukt fleire timar enn planlagt samtidig som den totale aktivitet har gått ned. I neste års budsjett vil føretaket endre på dette og ta ned grunnbemanninga og justere variabel lønn til eit meir realistisk nivå. Nybygg, IKT-prosjekta og justering av stryingsfarten vil krevje omstillingar i åra framover og ligg til grunn for arbeidet med budsjettet for 2019. I budsjettet for 2019 er det lagt inn reduksjon i rammene til klinikkane/områda på 25 millionar kroner.

Føresetnader

Styret i Helse Vest RHF handsama førebels inntektsramme og resultatkrav i sak 073/18. Helse Fonna har fått førebels inntektsfordeling frå eigar på 3 243,938 millionar kroner og eit resultatkrav på 50 millionar kroner for 2019. Ein auke i resultatkrav på 10 millionar kroner samanlikna med 2018. Budsjettarbeidet er basert på dette inntil endelege premissar føreligg.

Helse Vest RHF ventar å ha handsama endeleg inntektsfordeling basert på statsbudsjett for 2019 medio november. Endelege føresetnadar om aktivitet, økonomi og finansielle forhold vil verte justerte i samband med endeleg inntektsfordeling i regionen.

Basert på forventningane om at mesteparten av den venta veksten skal skje i kommunane må spesialisthelsetenesta rekna med å planlegge for lågare vekst enn framskrivinga av folkeveksten i regionen. Helse Vest har lagt til grunn ein generell vekst i regionen innan aktivitetsavhengig inntekt (ISF-inntekt) på 0,6 %. Helse Fonna kan auke aktiviteten med 0,4 % i høve til aktivitetsnivået i 2018.

Helse Vest har gjeve føresetnad om løns- og prisvekst på 2,5 prosent. Deflator vil bli oppdatert i samband med framlegging av endeleg inntektsramme for 2019.

Legg ein saman aktivitetsveksten innan ISF-området (somatikk) og deflator, vil kostnadsveksten utan omstillingar, bli på 2,9 prosent. Totalramma for Helse Fonna er derimot berre auka med 2,4 prosent. Det er i hovudsak to grunnar til at totalramme blir lågare enn inntektsveksten innanfor somatikk:

1. 5,5 millionar kroner i redusert ramme pga pensjonen ikkje er prisjustert
2. 0,5 millionar kroner i redusert ramme til regionalt utdanningscenter

Ved å justera for desse to faktorane blir inntektsveksten på 2,6 prosent, som då fortsatt er lågare enn antatt kostnadsvekst utan omstillingar.

Tar ein i tillegg med omstillingsbehova i forbindelse med auka kostnadar innan IKT og justering av styringsfarten til eit resultat på 50 millionar kroner, vil det totale omstillingsbehovet bli mellom 20 - 30 millionar kroner for budsjettet 2019 målt opp mot 2018. Denne utfordringa er fordelt ut på klinikkane, og dei er bedne om å budsjettere tiltak som er nødvendige for å koma ned på den gitte kostnadsramma.

Helse Vest RHF har bede helseføretaka om å nytta rammebudsjettering som teknikk og at dei økonomiske rammene skal bli budsjettert på lågaste nivå i organisasjonen slik at dei resultatansvarlege kan tilpasse kostnadene til ramma. Helse Vest presiserer at om helseføretaka ønskjer å prioritere nye oppgåver eller endra behov, må desse finansierast innanfor ramma.

Budsjettmetode og prosess

Budsjettprosessen for 2019 starta i juni og føretaket legg opp budsjettarbeidet etter vedteken budsjettkalender. Leiarar, tillitsvalde og verneombod er med i prosessen.

Klinikkdirektøren er ansvarleg for å planlegge, forankre, koordinere og drive budsjettprosessen i sin klinikk. For at ein skal kunne nå vedtekne målsetjingar på føretaksnivå

er det viktig at dei ansvarlege på det lågaste nivået i organisasjonen har eigarskap til budsjettet og dei endringane det fører til. Budsjettprosessen for 2019 må sjåast i samanheng med budsjettprosessen for langtidsbudsjett 2019 – 2023, og det rapporteringsregimet som er etablert i Helse Fonna i alle ledd. Langtidsbudsjettet og lærdom frå rapporteringsregimet er lagt til grunn for rammefordelingane mellom klinikkar. Føretaket har lagt opp til ein prosess med fleire budsjettversjonar som beskrive nedanfor i figur 1 med møtepunkt på direktørnivå.

Administrerande direktør tek sikte på å leggje fram budsjettet for styret Helse Fonna HF på styremøte i november 2018.



Figuren nedanfor syner tidslinja for budsjettprosessen og milepelane som gjeld.

